



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

SAMARBEIDSAVTALE

Mellom

Eidfjord kommune v/Lisbeth Bygstad (heretter kalla Arrangør) og
Hordaland fylkeskommune
i høve framsyninga «MIGRASONG - tonane dei bar med seg over havet».

Dato for arrangementet: **23. september 2018** (arrangør vel klokkeslett)

Spelestad: **Eidfjord Samfunnshus**

FØREMÅL

Føremålet er å setja fokus på songen som utvandarane hadde med seg til Amerika på slutten av 1800 talet og korleis desse songane utvikla seg vidare.

INNHOLD

Framsyninga «Migrasong-songane dei bar med seg over havet» er samansett på grunnlag av eit stort historisk materiale. Me fylgjer utvandarane si reise frå små bygder i Hordaland: fyrst til Bergen, så vidare til Hull i England, med tog til Liverpool og så over Atlanteren til det lova landet, Amerika.

«Migrasong-songane dei bar med seg over havet» er tenkt til vel ein times musikk- og forteljarprogram framført av ein songar/kvedar/forteljar som vert akkompagnert av to musikarar. Tore Nysæter er regissør, dramaturg og samarbeidspartnar. Bilete og animasjonar, laga av Steffen André Hagen, er integrert i scenebiletet og går i dialog med og forsterkar spelet på scenen.

MEDVERKANDE:

Reidun Horvei, songar/forteljar

Øyvind Lyslo, gitarar og diverse strengjeinstrument

Per Inge Hove, harmonium

Tore Nysæter er regissør.

Øyvind Lyslo og **Per Inge Hove** har utarbeidd dei musikalske arrangementa

FORDELING AV ANSVAR

Hordaland fylkeskommune har ansvar for koordinering av turneen "Migrasong-songane dei bar med seg over havet».

- **Praktisk tilrettelegging**

Musikarane treng ei scene på 4 x 5 meter.

Musikarane har med alt naudsynt utstyr til formidling av lyd og bilete, samt rekvisita som amerikakoffert, kiste, osb.

Der spelestadene har eige PA og projektor av god kvalitet, er det ønskeleg å nytta dette, men då etter avtale med den einskilde arrangør.

- **Marknadsføring og synleggjering**

Arrangør har ansvar for den lokale marknadsføringa med annonse i aviser, kontakt med lokale radiostasjonar, oppheng av plakatar, og evt. informasjon til medlemmer/venelag gjennom sosiale media.

Hordaland fylkeskommune vil senda dykk plakatar. Hefte/program for framsyninga vil utøvarane ta med seg. Pressemelding/bilete som kan nyttast for publikasjon i aviser vert sendt dykk i god tid på førehand.

Det skal i alle samanhengar synleggjerast at framsyninga er eit samarbeid mellom arrangør og Hordaland fylkeskommune.

- **Kulturkveld**

Arrangør er velkomen til å setja programmet inn i ei utvida råmet. Lokale kjelder som kan fortelja om utvandring/innvandring før og no kan vera ei fint tilskot under ei kaffistund etter framsyninga, og utøvarane er gjerne til stades for ein dialog med publikum etter konserten.

- **Økonomi**

Billettinntektene, og evt. anna stønad (sponsormidlar osv.) går til arrangør. Arrangør har allereie betalt ein eigenandel på kr. 10.000.- til Hordaland fylkeskommune.

Arrangør set sin eigen billettpris og organiserer billettsal.

ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR OG SØKNAD OM STØNAD

Det er høve til å slå seg saman med lag og organisasjonar på staden for å dela på utgiftene, som til dømes Senioruniversitet, Den kulturelle spaserstokken, mållag, lyrikklag, historielag osb. Medlemmer av desse kan få tilbod om førehandskjøp, men det er særskilt viktig for Hordaland fylkeskommune at tilbodet er ope for alle.

Det finst også nettstadar der ein kan søkja om arrangørstønad som t.d. Fond For Utøvende Kunstnere (FFUK), Kulturrådet sine heimesider, lokale bankar og historielag.

KONTAKTPERSONAR OG UNDERSKRIFT

Samarbeidsavtalen er sendt ut i to eksemplar. Arrangør signerer og sender eitt eksemplar i retur til:

**Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga
v/Wenche Gausdal
Postboks 7900
5020 Bergen**

eller pr e-post til

Wenche.Gausdal@hfk.no

Kontaktperson: Hordaland fylkeskommune, kultur - og idrettsavdelinga
Wenche Gausdal
Tlf: 55 23 99 65/976 87 636
E-post: wenche.gausdal@hfk.no

Kontaktperson: Utøvar
Songar/kvedar Reidun Horvei tlf: 905 49 531
E-post: reidun.horvei.laerum@hfk.no

Kontaktperson: Arrangør
Namn: **Lisbeth Bygstad**

e-post: lisbeth.bygstad.celik@eidfjord.kommune.no Telefon: 976 33 956

Ronny B. Skaar
Utviklingssjef/Seksjonsleiar
HFK; Kultur- og idrettsavdelinga

for Arrangør